

Referat frå styremøte i VH 08.12.2025 på Museet

Møtte frå styret:

Arne Erik Fønhus, Tore Hovda, Tone Meisdalen, Åse Østgård Hagen, Ole Aastad Bråten, Toril Grønbrekk

Fråverande:

Tove Grete Kolstad, Ingebjørg Moe

Møtte frå redaksjonskomiteen i årboka:

Redaktør Nils Rogn

Materialforvaltar Anne Marit Framnes møtte.

Sak 31/25 – Søknad om midlar frå Kirkevollarven

Vestre Slidre historielag søker om midlar til ny utgjeving av «Lokalhistorisk turhandbok for Vestre Slidre», skriven av Jahn Børe Jahnsen i 1976. Vestre Slidre historielag har laga eit nytt hefte, i ei annleis utgåve, som ei turhandbok. Resultatet vart ei «Lokal turhandbok» format 130x205 på 160 sider med eit opplag på 1100 stk.

Vedtak: Valdres historielag vedtek å gi 10 000 kroner til prosjektet «Lokal turhandbok»

Sak 32/25 – Orientering frå lokallaga

Aurdal: Dugnad Øvre Søre, sett opp skilt etter Tungtvannsruta. Lagsavis utgitt og arrangert stolpejakt til gamle husmannsplassar, stolpejakta var godt besøkt.

Øystre Slidre: «Fyrste laurdags i oktober kjører vi Dale mølle. Over 50 navn i boka. Det var tresking på gamlemåten med treskeverk og reimer til drivkrafta. Så var det turning og maling av korn. I år hadde vi lokaldyrka bygg og rug. Utstilling av ulike korntyper. Servering av graut og tjukk mjølk. Etterpå vart det kaffe og kake. Vi har også steikt kvitkako på kvileheimen og servert til alle avdelingar og dagaktivitets-senteret. Dette er tradisjonar vi har hatt i mange år.»

Sør Aurdal: «- Markering av 200 årsjubileet for utvandringa den 1. oktober i samarbeid med Sør-Aurdal folkebibliotek. Foredrag ved Terje Mikael Hasle Joranger, visning av film og bok- og bildeutstilling på dei to biblioteka i kommunen. Bra oppmøte.

- Dugnad i samarbeid med Bagn Sokneråd i haust. Rydding ved gamal tømmer-rampe på Vangen i Bagn. Oppsetjing av informasjonsskilt som fortel om tømmerfløtinga i Begna før 1970.

-Historielaget vart inviterte til å presentere boka om skogshytter som kom ut like før jul i 2024, på ein bokfestival på Land Museum, kalla "BOK&FOLK" den 26. oktober. Anette Hougsrud , ein av forfattarane, fortalte.

- Lokalhistorisk kveld den 7. november i Hedalen med presentasjon av to av haustens nye bøker. Tor Ola Skogstad la fram si bok om "Nye og gamle opplevelser fra Vassfaret og Vidalen". Nils Rogn presenterte årboka for Valdres 2025. Mykje folk og bra boksalg.

- Heftet som historielaget gir ut annakvart år "Sag og Soge i Søndre Ourdahl" er no digitalisert av Nasjonalbiblioteket frå 1982. t.o.m 2020:

<https://www.nb.no/search?mediatype=tidsskrift&seriestitle=%22Sagn%20og%20soge%20i%20S%C3%B8ndre%20Ourdahl%22>»

Etnedal: Arrangert kulturkveld og delteke på julemarked på Blåflat Gard.

Skrautvål: Funnet jernvinningsanlegg i Putteskålbekken ved Grøslia. Selger kalendere med gamle bilder.

Vang: Er i dialog med Ragnar Eltun i forbindelse med utgjeving av turbok for Filefjell. Ellers er det i Vang kommune markert at Åsvang skule var 100 år.

Sak 33/25 – Årboka

Redaksjonen har hatt evalueringsmøte. Dei er godt nøgde med årboka for 2025, men meiner det kunne vore litt større skrift og bilder i boka. Alle i redaksjonen har teke attval!

Hovudtema i årbok 2026 blir «Museet 125 år», redaksjonen reknar med at museumsstoffet vil dekke ein fjerdedel / ein tredjedel av boka. Det skal og vera portrett av ein person frå Valdres. I tillegg vil boka innehalde skulehistorie og «ungt blikk frå ungdom».

Redaksjonen yngskjer artiklar frå alle kommunar.

Idrett kan bli tema i 2027.

Sak 33/25 – Eventuelt

Leiar Arne Erik Fønhus har motteke e-post frå Bjørn Enes på vegner av Nynorsk kultursentrum, Musea for skriftkultur og Memoar. E-posten er stila til mållag og historielag i Valdres.

Nynorsk kultursentrum, Musea for skriftkultur og Memoar planlegg eit pilotprosjekt i Valdres: "Språkhistoria i Valdres – innsamling av munnlege minne".

Målet er å ta vare på personlege forteljingar om språkbruk, haldningar til språk og språkendingar gjennom livet – frå barndom til vaksen alder.

Dei ønskjer å samarbeide med lokale partnarar som mållag, historielag og Valdresmusea – både om tema for samtalane og om å finne personar som vil la seg intervjuje.

Leiar har vidaresendt e-posten til lokallaga.

Etnedal 30.12.25

Referent: Toril Grønbrekk